

**Flygtningenævnets baggrundsmateriale**

|                                    |                                           |
|------------------------------------|-------------------------------------------|
| <b>Bilagsnr.:</b>                  | <b>546</b>                                |
| Land:                              | Afghanistan                               |
| Kilde:                             | Landinfo                                  |
| Titel:                             | Respons. Afghanistan: Ajristan-distriktet |
| Udgivet:                           | 27. januar 2015                           |
| Optaget på<br>baggrundsmaterialet: | 13. maj 2015                              |

## Respons

### Afghanistan: Ajristan-distriktet

- Korleis har den generelle sikkerheitssituasjonen i Ajristan-distriktet utvikla seg det siste halvåret?
- Korleis påverkar sikkerheitssituasjonen sivilbefolkninga?
- Påverkar situasjonen i distriktet sikkerheita til vegfarande i Ghazni-provinsen generelt?

#### Ajristan

Ajristan er det vestlegaste distriktet i provinsen Ghazni og grensar til provinsane Uruzgan og Day Kundi i sør og vest. Befolkninga er i all hovudsak pashtunarar (estimert over 90 prosent), dei resterande tilhøyrer gruppene hazara eller tadjik (UNHCR 2002). Etter det som er opplyst, var Ajristan eit kjerneområde for Taliban før 2001, og det er blitt rapportert om nærvær av væpna opposisjonelle tidleg på 2000-talet (IRA 2006, s. 3; UNHCR 2002).

Fleire hevdar at Ajristan er eit strategisk viktig distrikt, med tilgang til Ghazni-provinsen frå vest (BBC 2014; RFE/RL 2014). Ifølgje ein nasjonal NGO (samtale Kabul 2014) vil den væpna opposisjonen i større grad omringe Hazarajat om dei får fotfeste i Ajristan. Distriktet kan brukast som ein base for aksjonar i distrikta Malestan, Jaghory og Nawor i Ghazni-provinsen og i Day Kundi-provinsen.

#### Sikkerheitssituasjonen til og med september 2014

I 2013 var det ein oppgang i opprørsinitierte angrep i distriktet samanlikna med tidlegare år, særleg i sommarmånadane. Dette blei sett i samband med grensa mot den urolege Uruzgan-provinsen (Landinfo 2014a, s. 13-14).

Frå mai til september 2014 vart det jamleg rapportert om opprørsinitierte angrep mot myndigheitspersonell og -institusjonar, rundt eit tital hendingar kvar månad. Dette var hovudsakleg angrep med handvåpen mot politipostar (ALP og ANP<sup>1</sup>), samt til saman rundt ti angrep mot distriktssenteret.

---

<sup>1</sup> ALP: Afghan Local Police; ANP: Afghan National Police

Den 26. september rapporterte fleire media at Taliban hadde tatt kontroll over Ajristan-distriktet. Det vart rapportert om omfattande sivile tap, men det var store sprik mellom tala som vart presenterte. Nyheitsmedia sine rapportar varierte frå 20 til over 100 sivile drepne, i tillegg til halshogging av mellom 12 og 15 personar, inkludert kvinner, skulda for samarbeid med myndigheitene. Vidare vart det rapportert om at opprørarar hadde sett fyr på over 80 hus. Fleire media sette nærvær av IS (Islamske Stat) i samband med hendingane (BBC 2014; Gul 2014; RFE/RL 2014; Tomlinson 2014).

I ettertid viser fleire kjelder til at det rapporterte omfanget var svært overdrive. Ifølgje Afghanistan Analyst Network (Osman 2014) gjekk Taliban 25. september til angrep på landsbyen Muhammadkhel i utkanten av distriktshovudstaden Sangar. ALP-postar blei overmanna, fleire lokalpoliti drepne og nokre hus sett i brann. Ifølgje ein organisasjon med god kjennskap til området (samtale internasjonal organisasjon Kabul 2014) skal afghanske sikkerheitsstyrker ha trekt seg tilbake til distriktssenteret der dei blei omringa av dei væpna opprørarane. Tre dagar seinare, 28. september, blei afghanske spesialstyrkar med internasjonal flystøtte (IMF) sett inn. Myndigheitene fekk etter få dagar kontroll over distriktssenteret. Overlevande opprørarar trekte seg tilbake, og mange skal ha reist til Gizab-distriktet i naboprovinsen Uruzgan (Landinfo 2014b, s. 2).

I samtale med Landinfo (Kabul 2014) viste ein internasjonal organisasjon med god informasjon om området til at dei hadde freista å verifisere hendingane i Ajristan gjennom å kontakte ulike lokale kjelder. Dei understreka at dei ikkje kunne verifisere at halshogging hadde funne stad. Organisasjonen anslo at om lag 12 sivile var drepne og 30 skadd under kampane. Heller ikkje kjeldene til Afghanistan Analyst Network kjenner til halshogging (Osman 2014). Ifølgje den internasjonale organisasjonen (samtale i Kabul 2014) har Taliban avkrefta halshogginga som 'falske rykte'. Taliban har vidare tatt ansvar for angrepet i Ajristan og avkrefta involvering av IS. Også representantar for provinsmyndigheitene (Osman 2014) og ISAF (Khaama Press 2014) har avkrefta omfanget som først blei rapportert den 26. september. Representanten for provinsmyndigheitene hevdar at 'a dozen, the most' sivile blei drepne (Osman 2014). ISAF spesifiserer ikkje skadeomfanget nærare.

Både den internasjonale organisasjonen (samtale Kabul 2014) og Osman viser til at overdriven rapportering om omfang av opprørsnærvær og -aktivitet kan brukast av lokale myndigheiter som forhandlingskort om auka bemanning eller budsjett frå sentralt hald. Alarmerande rapportar bør derfor brukast varsamt og verifiserast.

### **Sikkerheitssituasjonen etter september 2014**

Så vidt Landinfo er kjent med, har sikkerheitssituasjonen i Ajristan 'normalisert' seg etter angrepet mot distriktssenteret i slutten av september. Myndigheitene har formell kontroll over distriktssenteret, samtidig er det framleis nærvær av væpna opposisjon i områder utanfor distriktssenteret (samtale nasjonal NGO Kabul 2014; samtale internasjonal organisasjon Kabul 2014). Konfliktdynamikken er den same som tidlegare, med sporadiske opprørsinitierte angrep mot afghansk sikkerheitspersonell og distriktssenteret. Angrepsfrekvensen er halvert samanlikna med sommarmånadane i 2014.

Ajristan-distriktet har same konfliktmønster som andre distrikt i rurale område når det gjeld myndigheitskontroll og nærvær av opprørsstyrker. Myndigheitene prioriterer å kontrollere og vere til stades i dei administrative distriktssentra. I kva grad myndigheitene har kapasitet til nærvær utanfor distriktssenteret vil variere. I distrikt med liten myndigheitskapasitet kan

opprørsnærværet vere stort utanfor distriktssenteret. Opprørarane vil angripe myndigheiter, primært sikkerheitspersonell, for å bekrefte sin posisjon eller ekspandere geografisk. Sivilbefolkninga si sikkerheit kan bli trua ved at dei risikerer å kome i krysseld mellom konfliktpartane (samtale internasjonal organisasjon Kabul 2014; samtale FN-organisasjon Kabul 2014).

### Strategisk betydning av Ajristan-distriktet

Landinfo kjenner ikkje til at opprørarar har aksjonert i distrikta Malestan, Jaghory og Nawor i Ghazni-provinsen etter september 2014. Det er såleis ikkje grunnlag for å hevde at Ajristan har blitt nytta som ein base for aksjonar i desse distrikta. Landinfo har ikkje informasjon som peiker i retning av at situasjonen i Ajristan vil endre veksikkerheita for sivile i andre delar av Ghazni-provinsen, jf. Landinfo temanotat Afghanistan: Veisikkerhet for sivile (2013).

Utlendingsforvaltninga si eining for landinformasjon (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om. Landinfo sine rapportar og temanotat er baserte på opplysningar frå både åpne og anonyme kjelder. Opplysningane er innsamla og handsama etter kjeldekritiske standardar.

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema, og kjeldegrunnlaget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre. Responsar er utarbeidde med knappe fristar og inneheld gjerne lite bakgrunnsinformasjon.

Opplysningane som blir lagde fram i responsane, kan ikkje takast til inntekt for eit visst syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Responsane er heller ikkje uttrykk for norske styresmakters syn på dei tilhøva og landa som omtalast.

### Referansar

#### Skriftlege kjelder

- BBC (2014, 26. september). Taliban seize strategic Afghan district in Ghazni province. *BBC World News*. Tilgjengeleg frå <http://www.bbc.com/news/world-asia-29375436> [lasta ned 20. januar 2015]
- Gul, A. (2014, 26. september). Taliban overrun several Afghan villages. *Voice of America*. Tilgjengeleg frå <http://www.voanews.com/content/taliban-militants-storm-province-near-kabul/2463151.html> [lasta ned 20. januar 2015]
- IRA, dvs. Islamic Republic of Afghanistan (2006, juli). *Summary of the district development plan Ajristan district – Ghazni province*. Kabul: IRA. Tilgjengeleg frå <http://www.mrrd-nabdp.org/attachments/article/145/Ajristan%20DDP%20Summary-Finalized.pdf> [lasta ned 20. januar 2015]
- Khaama Press (2014, 30. september). ISAF refutes reporting brutality in Ajristan. *Khaama Press*. Tilgjengeleg frå <http://www.khaama.com/isaf-refutes-reporting-of-brutality-in-ajristan-8746> [lasta ned 20. januar 2015]
- Landinfo (2013, 18. april). *Temanotat Afghanistan: Veisikkerhet for sivile*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå [http://www.landinfo.no/asset/2340/1/2340\\_1.pdf](http://www.landinfo.no/asset/2340/1/2340_1.pdf) [lasta ned 21. januar 2015]
- Landinfo (2014a, 9. januar). *Temanotat Afghanistan: Sikkerhetsoppdatering*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå [http://www.landinfo.no/asset/2759/1/2759\\_1.pdf](http://www.landinfo.no/asset/2759/1/2759_1.pdf) [lasta ned 20. januar 2015]

### Respons Afghanistan: Ajristan-distriktet

- Landinfo (2014b, 11. desember). *Respons Afghanistan: Gizab-distriktet*. Oslo: Landinfo. Tilgjengeleg frå [http://www.landinfo.no/asset/3018/1/3018\\_1.pdf](http://www.landinfo.no/asset/3018/1/3018_1.pdf) [lasta ned 20. januar]
- Osman, B. (2014, 17. november). Messages in Chalk: 'Islamic State' haunting Afghanistan? *Afghanistan Analyst Network*. Tilgjengeleg frå <https://www.afghanistan-analysts.org/messages-in-chalk-islamic-state-haunting-afghanistan/> [lasta ned 20. januar 2015]
- RFE/RL's Radio Free Afghanistan (2014, 26. september). Taliban fighters storm strategic district in Ghazni province. *Radio Free Europe/Radio Liberty*. Tilgjengeleg frå <http://www.rferl.org/content/taliban-fighters-storm-strategic-districts-in-ghazni-province/26607299.html> [lasta ned 20. januar 2015]
- Tomlinson, S. (2014, 26. september). Now Taliban try to seize ISIS crown for brutality as they launch massive offensive and behead civilians. *Mail Online*. Tilgjengeleg frå <http://www.dailymail.co.uk/news/article-2770793/Now-Taliban-try-seize-ISIS-crown-brutality-launch-massive-offensive-behead-civilians.html> [lasta ned 20. januar 2015]
- UNHCR (2002, 15. oktober). *UNHCR Field Office Ghazni – District profile Ajristan*. Tilgjengeleg via ecoinet: [https://www.ecoi.net/file\\_upload/10546\\_accord225\\_ajristan.pdf](https://www.ecoi.net/file_upload/10546_accord225_ajristan.pdf) [lasta ned 20. januar 2015]

### Munnlege kjelder

- Samtale internasjonal organisasjon Kabul, 19. november 2014
- Samtale nasjonal NGO Kabul, 18. november 2014
- Samtale FN-organisasjon Kabul, 20. november 2014

© Landinfo 2013

**Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverkløva. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.**